

Trykt i: Jon Gunnar Jørgensen og Lars S. Vikør (red.), *Nordiskfaget – tradisjon og fornying. Maal og Minne 100 år*. Oslo: Novus. 2011. S. 55–68.

## Språk i endring – i struktur og i tanke

Av Helge Sandøy

### 1 Innleiing

Det er no etablert eit nasjonalt samarbeid mellom nordiskmiljøa i landet om å utvikle ei ny norsk vitskapleg språkhistorie. Det prosjektet vil sjølvsagt dra nytte av mykje stoff som *Maal og Minne* har formidla gjennom åra. Det er for tidleg å presentere detaljar frå det prosjektet, men eg vil her nytte høvet til å gje eksempel på korleis tida er inne for å stille nye spørsmål i arbeidet med norsk språkhistorie. Eg vil vise korleis nye disiplinar som sosiolingvistikk og språksosiologi kan vere relevante. Moderne sosiolingvistikk har gitt oss innsikt i kva forutsetningane er for store språkendringar, og dei må kunne brukast på dei store språklege omleggingane i seinmiddelalderen. I europeisk språkhistorie er det siste tiåra blitt fokusert på at idéen om standardspråk er relativt ny, og med eit slikt idéhistorisk utgangspunkt bør me prøve å tolke om att det som skjedde i norsk skriftkultur i høg- og seinmiddelalderen. Då bør vi unngå å projisere det moderne språkbegrepet ned på middelalderkulturen.

### 2 Indre språkhistorie – språkendringar

Det er mange som har prøvd å kartlegge og forstå språkendringane frå norrøn tid og fram til det såkalla nynorske språkstadiet. Det er registrert lyd- og formendringar i norske diplom, og somme har sett opp system for korleis endringane må ha føregått når ein legg strukturalistiske tolkingsprinsipp til grunn. Det er arbeidd både induktivt og hypotetisk-deduktivt. Ikkje minst har dette vore tema for mange artiklar i *Maal og Minne*.

Diplomspråket vårt er svært arkaisk til etter 1400 – kanskje skjer ikkje den store overgangen til dansk der før etter 1450. Frå då av mistar det mykje av verdien som kjelde om dialektane i Norge. Men alt på 1500-talet har

me dokument som får Indrebø og andre til å rekne med eit utvikla moderne språk, eit nynorsk språk. Dette blir liksom eit lite kvantesprang frå eine hundreåret og til det andre.

For den som arbeider strukturelt, er kanskje ikkje spørsmålet mitt så veldig sentralt, for då er det gjerne slik at så lenge ein får puslespelet med ei logisk rekkjefølgje på alle endringane til å gå opp, er ein fornøgd. Men viss ein er oppteken av *korleis* samfunnet gjev rammevilkår for språkendingar, blir det ei lita gåte korleis så mykje kunne skje på så kort tid, og korleis så lite har skjedd dei neste 500 åra.

Begrepa *mykje* og *lite* her er rettnok vanskelege, for korleis kan me måle slikt? Me skriv og snakkar støtt med slike kvantifiserande adjektiv, men det er eit notorisk problem at me ikkje har nokon intersubjektiv målestav for omfanget av endringar. Eg har i fleire år leikt meg med å kvantifisere språkendingar for å prøve å komme unna dei subjektive karakteristikkane når ein skal seie noko om dette, og eg kan vise eitt av dei mange eksempla eg har laga:

Me kan rekne med at segna om “Drækern på Stemma”, som står i *Prøver af Landsmaalet* (1853), representerer språkstadiet på Tingvoll på Nordmøre kring 1800 då heimelsmennene hans Ivar Aasen lærte å snakke. Med utgangspunkt i denne teksten kan me enkelt illustrere ein endringsprosess: Me skriv først teksten om til det språket ein kan rekne med var snakka på Nordmøre i klassisk norrøn tid, f.eks. i 1250, og deretter skriv me han på tilsvarande måte om til slik ein veit dialekten blir snakka i dag. Me avgrensar oss her til eit utdrag, nemleg dei første linjene i teksten:

(1) *Tingvoll, Nordmøre (etter Aasen 1853)*

Der e ein gar, so eite Stemme; han ligg yst ut mæ have, tett attmæ dæ fjelle, so dem kalla Stemshesten. Der va dæ tvo tause eingång, so skull ro ut på ein holm å mjølk nåkkåre kyr, so dem ha gangand der. Da bles dæ opp eit over mæ dem va på holma; å når dem skull ro heimatt, so var stårmen alt so stri, at dæm rak åv frå lanna å dreiv te havs. Dem vann ikkje meir ell å hall båten rett på sjønå, å sia laut han ga so han vill. Å såleis låg dem å dreiv på hava både dain å natta å nåkkåre daga te.

Same teksten i klassisk norrøn form blir slik – og her har eg då passa på å ikkje tøyje han for langt, og heller ikkje å islandifisere han.

(2) *Tingvoll, Nordmøre, rekonstruert til 1250*

Þar er garðr, sem heitir Stim; hann liggir yzt úti við hafit, þétt aftr við fjall þat, sem þeir kalla Stimshest. Þar vǫru tvær gentur einu sinni, sem róa skyldu út á holm nokkurn at mjolka nokkurar kýr, sem þær höfðu gangandi þar. Þá blés upp óveðr meðan þær vǫru á holminum, ok þegar þær skyldu róa heim aftr, svá var stormrinn löngu svá stríðr, at þær rak af frá landinu ok drifu þær til hafs. Þær unnu ekki meira heldr at halda bátinum réttum á sjónum, ok annars laut hann ganga sem hann vildi. Ok sváleidis lágu þær ok drifu á hafinu bæði daginn ok náttina ok nokkura daga eftir.

Når me no går tilbake til Aasen-versjonen og markerer kva som er blitt forandra på vel 500 år, kan det illustrerast slik når syntaktiske forandringar er merkt med understreking, morfologiske med grå bakgrunn og fonologiske med kursiv (+ tilfella der ein lyd har falle vekk, som er merkt med -, og nokre gonger med '). Nye leksikalske einingar er innramma i boksar.

(3) *Tingvoll, Nordmøre, 1800 (Aasen i tilnærma lydskrift)<sup>1</sup>*

Der e- en gar-, så- -ete- Stemme; ha<sup>h</sup>pp ligg- yst ut me have-, tett att-me de- fje<sup>h</sup>lle-, så- dæmm ka<sup>h</sup>lla Stemshæst'n. Der va- de- tvo tase- en gann, så- sku<sup>h</sup>lla ro- ut på en håpm á mjø-k nåkkår- cçy-, så- dæmm ha-- gannan der. Da btes de- opp ecu ove-r me- dæmm va- på håpma; á når dæmm sku<sup>h</sup>lla ro- hem att-, så va- starm-en alt så stri-, at dæmm rak áv frá lappa á drev- te- hafs. Dæmm va<sup>h</sup>pp- icççe mer enn á ha<sup>h</sup>ll bát'n rætt på fyna, á sia latt ha<sup>h</sup>pp ga-- så ha<sup>h</sup>pp vi<sup>h</sup>lla. Á såle-s låg- dæmm á drev- på hava både da-'n á natta á nappn- daga te.

Summerer me opp førekomstane, blir det så mange forandringar frå 1250 til 1800:

11 leksikalske

7 syntaktiske

100 fonologiske

33 morfologiske

= 151 endringar i denne teksten på 111 ord, dvs. 27,5 per hundreår.

<sup>1</sup> Eg brukar her IPA-teikn der det trengst ekstrateikn. Elles følgjer eg det norske ortografiske mønsteret for å gjere jamføringane enklare.

Dette talet på endringar er ikkje rett lite, for det blir altså nesten 28 forandringar per hundreår.

Så går me vel 200 år framover i tid frå informantane hans Aasen, altså til år 2000:

(4) *Tingvoll, Nordmøre, 2000*

Der e en gar, så hete Stemme; hærj ligg yst ut me have, tett attme de fjeλλe, så dæmm kaλλa Stemshæst'n. Der va- de t-o tase en gærj, så skuλλa ro- ut på en hærj å mjøk nåkkår ccy, så dæmm ha gærjærj der. Da bres de opp ecc over me dæmm va på hærjmen; å når dæmm skuλλa ro hem att, så va stærmen alt så stri, at dæmm rak av frå læppe å drev te hafs. Dæmm væj icccce mer eærj å haλλl båt'n rætt på jø'n, å sia latt hærj ga så hærj viλλa. Å såles låg dæmm å drev på have både da'n å natta å næj daga te.

Oppsummert er no talet på endringar frå 1800 til 2000:

*0 leksikalske*

*0 syntaktiske*

*4 fonologiske*

*4 morfologiske*

*= 8 forandringar, som utgjer 4 per hundreår.*

Reknemåten skal eg ikkje ta opp til diskusjon her, men han er basert på frekvens i tekst. Eg har òg prøvd ut ein reknemåte som tel i grammatiske eller systematiske forandringar i staden for i tekst, men bildet som gjeld omfang og tempo i utviklinga blir ikkje vesentleg annleis når ein er interessert i relative størrelsar (Sandøy 2007).<sup>2</sup>


Poenget eller problemet som eg ønskjer å få fram, blir endå meir forsterka når ein veit at språkhistoriske autoritetar reknar med at det meste av språkendringane fram til det dialektmangfaldet me kjenner i moderne tid, var unnagjort før reformasjonen, altså før det me kallar nynorsk tid. Teksten vår frå 1800 kunne i så fall ha vore produsert alt ved reformasjonen, for då skulle storparten av forandringane vere gjennomført.

Når folk snakkar om språkforandringar, både fagfolk og lekfolk, får ein lett inntrykk av at ho skjer langs ei slik kurve:

---


<sup>2</sup> Andre eksperiment med slik kvantifisering står i Sandøy 2004, 2007 og 2009.

(5) Førestilt tempo i språkendingane:



Kva viser så empirien eg prøver å dra fram? Jau: Ut frå kvantifiseringane kan ein heller framstille tempoet i språkforandringane i Norge slik:

(6) Faktisk tempo i språkendingane:



Er så første bratte delen av denne kurva sosiolingvistisk muleg i dette vesle og gravgrendte landet vårt? Kva seier sosiolingvistikken om det? Slike spørsmål har ikkje vore sentrale i språkhistorieforskinga. Men likeins som me kan rekne med språkstrukturelle restriksjonar og føringar på kva som skjer, finst det truleg tilsvarande sosiolingvistiske restriksjonar òg. Dei må me få betre grep om.

Det har etter kvart komme fram ein del sosiolingvistiske innsikter om tendensar i utviklinga, og ein påstand om at det skjer fleire endringar i usta-

bile samfunn enn i stabile, er neppe nokor overrasking. Men ein kan òg seie noko om retninga for endringane, for det er tydeleg at det i ustabile samfunn skjer *morfologiske forenklingar* i den forstand at talet på kategoriar og talet på reglar går ned. Ein interessant påstand frå Peter Trudgill går ut på at småe stabile samfunn kan òg ha radikale endringar, men då i retning av meir kompliserte morfologiske mønster (Trudgill 1986, 1997, 2002). Det grunn-gjev han nærast pragmatisk og kognitivt. Kan det vere fruktbart å prøve ut sosiolingvistiske innsikter på norsk middelalder? Kan f.eks. sosiolingvistikken få oss til å tvile på vitskapstradisjonen om seinmiddelalderen?

Ei svært solid innsikt er at nokolunde stabile samfunn ikkje gjev sosio-lingvistisk rom for noko større språkending på kort tid. Det er dokumentert uendeleg mange gonger. Dei store språkendingane me observerer i seinmiddelalderen, kan difor vanskeleg tenkjast som anna enn resultat av såkalla koineiseringsprosessar, dvs. ved at det mange stadar har stimla saman så mykje folk med ulike dialektar at det er blitt skapt nye dialektar. Denne forklaringsmåten er gammal for bergensk, og der kjem lågtysk inn i bildet. Han kan òg vere aktuell andre plassar i Norge. Det er neppe nok å vise til handel og kommunikasjon som årsak til så store endringar. Resultat frå moderne talemålsendingsstudiar tyder på at permanent flytting, og i praksis variabelen foreldrebakgrunn, er den som avgjer mest i endringstempo og endringsretning. Men kor stor demografisk omkalfatring trengst for å få så omfattande forandringar?

Når me først har gitt oss ut på så spekulative ting som dette, kan eg nemne at kvantifiseringeksperiment som ovafor viser at endringane i høg- og seinmellomalderen er over ti gonger større enn dei som skjer i koineiseringa av ein ny dialekt i f.eks. Tyssedal i Hardanger og på Sunndalsøra på Nordmøre på 1900-talet. Den koineiseringa føreset stor folketilflytting på kort tid, sei ein generasjon, og så tek stabiliseringa to generasjonar ekstra. Tilflyttinga av ikkje-møringar på Sunndalsøra var på 24 %, og av ikkje-hardingar til Tyssedal 56 %. Slike jamføringar tilseier at det må ha skjedd svært store flyttingar i seinmiddelalderen, og kanskje i fleire omgangar slik at det blei tale om fleire koineiseringsprosessar. Moderne sosiolingvistisk innsikt gjev oss altså nokre forklaringsproblem i arbeidet med språkhistoria.

Dessverre manglar me presise demografiske opplysningar frå seinmid-delalderen. Men om me hentar fram opplysningar om kva som skjedde under øydegardskrisa, får me vite at samtidig med at det samla folketalet gjekk ned med kanskje to tredelar, så flytta òg folk mykje på seg. Det gjorde dei pga. at jordprisane blei så forandra, og fordi dei ved å flytte kunne få

kjøpe jord for ein billig penge. Dessutan utvikla det seg i seinmiddelalderen eit nytt eksportfiskeri som gav grunnlag for å drive fiske som heilårsnæring. Dermed gjekk det ein straum med folk ut til kysten der det mangstad voks opp heilt nye samfunn. Somstad der gjekk ikkje folketalet ned, og ettersom alle sottene truleg ramma likt over alt, vil det seie at tilflyttinga må ha vore stor. Denne utviklinga skjer i hovudsak på 1400-talet. Det ville vore spennande å gå nærare inn i demografiske studiar av agrarkrisa/øydegardskrisa for å sjå om me kunne oppdage ein samanheng mellom dei folkesetnadsendringane me skimtar der, og dei språkendringane me tidfestar til denne tida.

Opnar ein for slike perspektiv, må ein nok finne seg i at det i første omgang kjem fram ein del dristige idéar, slike som eg prøver meg på her. Ein kan stille spørsmål om f.eks. det er samanheng mellom demografiske mønster og kvar har ein har flest bøyingskategoriar i landet vårt? Og flest morfofonologiske reglar? Eller færrest slike kategoriar og reglar?

Vil me sjå på morfologisk kompleksitet, kan me legge til merke at indre delar av landet – som var utan tilflytting – ligg høgt pga. det faktumet at jamvektsendringane førte til ei veldig komplisering av morfologien, særleg då kvantitetsomlegginga kom. Slikt passar godt med påstanden til Peter Trudgill, som eg refererte til ovafor.

Dette er spekulativt. Det eg her har lagt fram, byggjer på mange ikkje-diskuterte og diskutabile premissar. Slik må det bli akkurat no. Men eg trur at språkhistorieforskninga vil ha godt av slike utfordringar.

### **3 Ytre språkhistorie – språksosiologi**

I språksosiologien tel ein ikkje opp skåringar på språkstrukturelle variablar for å jamføre med sosiale variablar. Her ser ein på korleis språk blir brukt som objekt for førestillingar og holdningar. Det vil seie at ein interesserer seg for språket som kulturobjekt, korleis det blir dyrka i samfunnet. Språk blir dermed som arkitektur, målarkunst og klesmotar.

Det har skjedd mykje siste generasjonen innafor denne disiplinen. For eksempel har kollega Tore Janson i Göteborg hjulpet oss til å dekonstruere språket, for å uttrykkje det på ein måte som er gjenkjenneleg frå andre kulturfag. Det er interessant å dra faget vårt inn i nettopp det idéhistoriske perspektivet; då kan me lettare sjå både kva ordet språk betydde til ulike tider, og korleis språkvitskapen er del av samtida. Både objektet vårt og me sjølve er prega av samtida.

P.A. Much (1810–1863) ville helst rekne klassisk norrønt for eit einskapleg språk. Det passa inn i nasjonalromantikken som definerte nasjonale einingar ut frå folkeånd og felles språk. Helst skulle det vere einskap i tid òg, og dermed er det litt interessant å sjå denne fotnoten hos M.B. Landstad (1802–1880):

«Det viser sig ogsaa her, at der i vort Almuesprog ikke egentlig kan være Tale om Dialekter, men at det er det samme gamle norske Sprog overalt, mere og mindre reent vedligeholdt.»  
(Landstad 1853: 711).

Her skal det altså helst ikkje vere forskjell verken geografisk eller historisk.

Det er interessant å prøve å følgje utviklinga av begrepet ‘norsk språk’, og som eit delspørsmål under det temaet kan me studere førstillinga om *standardnorsk*. Marius Hægstad (1850–1927) opna auga for gammalnorske dialektar, særleg med verket *Vestnorske maalføre fyre 1350* (1906–42), men i *Maalet i dei gamle kongebrev* (1902) antyda han vagt at det i den norrøne tida før 1300 etablerte seg ei nasjonal skriftnorm, eller “maalmynster i skrift”, som han seier, og bakgrunnen var flyttingane av kanselliet. Dette blei utvikla som syn vidare av Halvdan Koht, Didrik Arup Seip og Gustav Indrebø. Indrebø formulerer seg slik: “kanselli hev truleg nått fram til ein tolleg fast sams skrivemåte fyrstundes på 1200-talet” (Indrebø 1951: 147f.). Me kan legge merke til at Indrebø no forsterkar karakteristikken til “tolleg fast skrivemåte”, han flyttar tida nedover til “fyrstundes på 1200-talet”. Det kan òg lesast noko ideologisk i uttrykksmåten om retninga i utviklinga: “hev truleg nått fram til”. (Jf. Hagland 1986: 1–3).

Men Jan Ragnar Hagland (1986) gjekk over det gammalnorske materialet på nytt og fann ikkje nokor slik felles norm. Ein kan difor spørje seg om tolkingane hans Hægstad og særleg hans Indrebø var uttrykk for at samtida helst ville sjå verda slik at eit språk må eksistere i ei kanonisk idealform, eit standardspråk som me kallar det ofte i dag. Dét er jo ein slags rest av nasjonalromantikken det òg. Dette treng dei ikkje ha uttrykt direkte, men det er innebygd i resonnement og aller mest i kva spørsmål dei fokuserte.

Denne oppfatninga av at språket hadde ei overordna standardform, går att i mange språkhistoriske framstillingar, òg for tida etter norrønt. Når ein les Ragnvald Iversen (1882–1960) sitt arbeid om *Bokmål og talemål i Norge 1560–1630* (1921), legg ein godt merke til at Iversen nærast må finne unnskyldningar for at nordmennene, ja, for den del danskane òg, ikkje greidde



å følgje ei standardnorm. Standardnorma skal eller må liksom ha vore der; Iversen brukar til og med ordet *rettskriving*. Ein får kjensla av at han eigentleg beskriv situasjonen i dag der ein hører klager over at somme ikkje har fått god nok opplæring i skulen. At tankekategoriene kan ha vore heilt annleis i middelalderen og på 1500-talet, blir ikkje nok drøfta. Men rett skal vere rett: Iversen kjem litt inn på det på dei aller siste sidene.

Dette er ikkje nok spesielt norsk perspektiv. Norsk språkvitskap har berre vore ein del av ei felles europeisk idéhistorie i måten han har nærma seg historia på. No har europeisk språkforsking begynt å oppdage – i alle fall begynt å fokusere – at det har ikkje vore nokon homogeniserings- eller standardiseringstendens i engelsk før midt på 1400-talet (Nevalainen 2003: 132f.). I tysk skjer det same innafør kvart av dei fire ev. fem dialektområda òg midt på 1400-talet (Mattheier 2003: 213). Tilsvarande finn me i andre land (om nederlandsk i Willemyns 2003: 95, om irsk i Riagáin 2002:86). I det heile ser det ut til å vere ei felles vestleg utvikling rundt 1500. Då er det rimeleg å stille spørsmål om me i det heile skulle venta nokor standardisering i Norge før den tida. Det var neppe idéhistoriske forutsetningar for det då. Derimot får me ei svært interessant ideologisk utvikling når standardiseringstendensane utviklar seg på 1400- og 1500-talet. Som Tore Janson (1997: 133) skriv om første tida etter at Gustav Vasa reiv Sverige laust frå Kalmar-unionen i 1523: Svensk skriftspråk blei viktig for “föreställningen om Sverige: en kung, en kyrka, ett folk, ett språk”. Her skimtar me første fasen i ein ny måte å innverke på tankane åt folk på ved å definere fundamentale begrep som språk og identitets- og lojalitetsrammer, som den framveksande staten trong. Dette er ei *ideologisering av språket* (jf. Joseph 1981: 86f.) og er eit nytt historisk stadium i den språkkulturelle utviklinga. I Danmark-Norge blir tilsvarande utvikling tydeleg noko seinare enn i Sverige. (Sandøy 2000.)

Me kan sjølvsagt dra på smilebandet åt formuleringane hans Indrebø om den såkalla overgangen frå norsk til dansk:

“Og folket vanta åndssjølvtende og åndsmakt både til å hævda gamal mål-arv og til å nytta ut frævingsevna i sitt eige mål.” (Indrebø 1951: 171.)

“Norsk er det mektugaste målet i kongebrevi ned til 1450, det treng der ikkje vera tviking um. Norsk er det rettelege riksmålet. (Indrebø 1951: 187.)

Her verkar det som det er 1900-talet som er lagt ned på 1400-talet utan at forfattaren reflekterer over alle premissane som er innbakt i desse formuleringane. Likevel kjem me neppe bort frå at det skjer noko revolusjonerande på 1400- og 1500-talet når språk blir ideologisert i Nord-Europa. Difor hadde det vore viktig no i dag å få ein idéhistorisk språkbruksanalyse av denne tida der ein jamførte norsk språkkultur nøye med det ein etter kvart kjenner frå historia i den vestlege kulturkretsen. Det er nesten rart viss det ikkje skulle ligge noko som helst symbolsk i det konglomeratet me finn av skriftlege språkvarietetar på 1400-talet. Aslak Bolt fekk skrive handfestinga åt Karl Knutsson på det me i dag kallar norsk, mens handfestinga åt kong Kristian I året etterpå var på dansk. Dette kan ha vore uttrykk for eit eller anna. Men Aslak Bolt hadde neppe begrepet ‘norsk språk’.

Hypotagmet *norsk språk* var enno faktisk ikkje produsert. Adjektivet *norsk* oppstod først på 1400-talet, og dei første førekomstane me finn av det, går på pengar og eigedomsrett. Ikkje på noko så abstrakt som språk og kultur (Hægstad 1910, Sandøy 2000). Kan me då forstå overgangen til dansk på ein ny måte viss det ikkje var muleg i tankekategoriene på den tida å gå over frå eit *norsk språk* – som altså ikkje fanst? Kva låg i det å ta inn danske skrivemåtar og uttrykk? Kan det heller tenkjast at det me kallar fordansking, er ein spire til den *standardiseringa* som er i kjømda, dvs. ei omlegging som er del av ei felleseuropeisk utvikling? Kan dét i så fall gje eit anna perspektiv til tolkingane våre? Mitt kall er ei at svare – ikkje no i alle fall. Men på denne tida var det neppe idéhistoriske forutsetningar for å oppfatte norsk og dansk som ulike språk.

I mange land kom det på moten i denne tida å bruke folkemål i staden for latin, og der låg ein kime til eit symbolsk innhald. Norge var midt i ei spenningstid med eit riksråd som prøvde å forsvare norske interesser. Midt i denne striden stod nettopp erkebisp Aslak Bolt, som var tilhengar av den ideologien som blir kalla riksrådskonstitusjonalismen, som var del av den europeiske konsilrørsla. Aslak Bolt var altså del av europeisk åndsliv, og det var truleg motparten òg. I Norge kom riksrådskonstitusjonalismen til å bli nokså mislykka.

Renessansen og humanistane kan gje oss bakgrunn for å forstå mykje av det nye som bryt fram. Dei norske humanistane utpå 1500-talet skriv om det norske riket, og den historiske stoltheita tyt tydeleg fram. No brukar dei også begrepet ‘norsk språk’, men det er som synonym til ‘det gamle norske språk’, ikkje til samtidsspråket. Det ser faktisk merkeleg ut når Laurents Hansson i forordet til Heimskringla-omsettinga si frå 1550 omtalar

dansk som «thet mal Som wi nu tale her i Norrige». (Sandøy 2000: 877.)

Her blir det tydeleg at tankekategoriene åt dei norske humanistane ikkje er dei me har i dag, og aller minst dei Indrebø hadde. Samtidsnorsken var ikkje interessant for desse humanistane, og dermed heller ikkje nokor gjenreiseing av norsk. Dei ville neppe forstått den frasen, altså “gjenreiseing av norsk”. Men samtidig var dei islandske humanistane ivrige målreisingsmenn. Frå 1555 er første belegget på at ordet *islandsk* blir brukt om islandsk språk, og omsettinga av nytestamentet og heile Bibelen frå 1500-talet er jo gode puristiske tiltak. Kvifor har me ein slik forskjell i tankekategori og kulturelt fokus på Island og i Norge?

Før eg avsluttar denne remsa av undringar, må eg ta med at Christen Jensøn i 1646 er den første nordmannen som viser nokor puristisk interesse, noko ein kan tolke ut av forordet hans, der han seier seg lei for innkomne fremmedord og forklarar at formålet med boka er at nordmenn skal lettare skilje norske og fremmende ord (Jensøn 1915: XIXf.). Denne ordlegginga minner oss om dei islandske humanistane. Han blei aleine i Norge med ein slik ideologi inntil nasjonalromantikken begynte å melde seg. Kvar fekk Christen Jensøn tankane sine frå?

No – eit par generasjonar etter Indrebø – har me fått mange nye kunnskapar om europeisk språkhistorie, og me har fått utvikla kulturkritiske begrep som kan gjere nye studiar av overgangen frå middelalderen til ny tid til viktige prosjekt for å forstå fenomenet språkkultur og fenomenet standard-språk.

Den engelske sosiolingvisten James Milroy (1999) har sagt fleire gonger at standard-språk er ikkje noko språk, det er ein ideologi, og denne ideologien kom altså relativt seint. Før den ideologien var innarbeidd i tankane åt folk, var det ikkje noko som mangla. Verda var heilt naturleg utan standard-språk og ei kanonisk idealform. Heilt naturleg.

Det er ei viktig oppgåve for ei språkhistorie å forstå framveksten av språkbegrepet. Tore Janson (1997: 17ff.), som eg nemnte, reiste ut til khoisan-talande folk i Kalahari-ørkenen og spurde kva språk dei snakka. Det han oppdaga, var at folket der forstod ikkje spørsmålet hans. Denne – skal me seie sosialantropologiske – erkjenninga bør få oss til å analysere vår eiga fortid annleis. Me kan tenkje oss at folk her oppe i nord hadde i si tid like vanskeleg med å svare på spørsmålet om kva språk dei snakka. Dermed er det interessant for oss å vete meir om korleis begrepet språk – og spesielt norsk språk – blir utvikla med alle tilleggsegenskapane om at det skal særprege eit folk og ha sosiale konnotasjonar. Dette kulturbetinga begrepet har

no vore innarbeidd som noko sjølv sagt i fleire hundreår, og det har konstituert og styrt tankane og verdsbildet vårt slik at språket har fått plass som ein sosial institusjon – sjølv om det altså ikkje eksisterer på annan måte enn i fantasien vår. Ved å kontrastere språkkulturar både synkront og diakront kan me lettare erkjenne den ideologiske karakteren i begrepa våre.

Dette er danningshistorie, og sjølv om u-omlyd og vokalharmoni er fundamentale tema i ei norsk språkhistorie, så er språkhistoria vår òg noko av det mest sentrale i danningshistoria. Danningsideala kan me forstå i samheng med andre historiske endringar, likeins som me forstår alle hine moderniseringstendensane som kjem med den nye tida etter middelalderen. ‘Språkdanninga’ er heller ikkje noko som kjem brått; viss me ser spirane tilbake til 1400-talet, så blir språkideala knapt effektivt formidla ut til folket før gjennom skuleverket på 1700-talet. Utdanning er jo den mest effektive måten å disiplinere eit folk på. Standardspråket veks altså fram som ein parallell til ein lang moderniseringsprosess i samfunnet.

Det har skjedd mykje i den såkalla seinmoderniteten, som me no er inne i, som får oss til å sjå moderniteten på avstand. Mange perspektiv er blitt omsnudd siste generasjonen. Mens sosiologien reflekterer kring standardforestillingane, har sociolingvistikken siste tiåret begynt å oppdage språkleg avstandardisering i både skrift og tale som eit fenomen i vestlege kulturar. Ingen ting er altså tilfeldig. Nei: Heller ikkje eg kan rømme unna mi eiga samtid når eg står her og fører fram slike idéar til nye språkhistoriske innsikter.

Det skal me ikkje fortvile over. Dét er nettopp grunnlaget for ei viktig erkjenning. Ei ny språkhistorie må ta med seg også slik metarefleksjon. Den får me lettast grepet kring med å avnasjonalisere sjølve forskingsarbeidet vårt, altså å løfte hovudet og arbeide komparativt.

## Referansar

- Hagland, Jan Ragnar. 1986. *Riksstyring og språknorm. Spørsmålet om kongskanselliets rolle i norsk språkhistorie på 1200- og i første halvdel av 1300-tallet*. Oslo: Novus.
- Hægstad, Marius. 1902. *Maalet i dei gamle norske Kongebrev*. Kristiania: Dybwad.
- . 1906–1927. *Vestnorske maalføre fyre 1350*. Videnskaps-selskabets skrifter. II, Hist.-filos. klasse. Kristiania/Oslo: Dybwad.

- . 1910. "Upphavet til ordet 'norsk'." I *Maal og Minne* 1910: 51-52.
- Indrebø, Gustav. 1951. *Norsk Målsoga*. Bergen: Norsk bokreidingslag.
- Iversen, Ragnvald. 1921. *Bokmål og talemål i Norge 1560–1630*. Viden-  
skapselskapets skrifter. II, Hist.-filos. klasse. Kristiania: Dybwad.
- Janson, Tore 1997. *Språken och historien*. Stockholm: Norstedts.
- Jensøn, Christen. [1646] 1915. *Den Norske Dictionarium eller Glosebog*. I ny  
utgaave ved Torleiv Hannaas. Kristiania: Grøndahl & Søn.
- Joseph, John Earl. 1981. *The standard language. Theory, dogma and sociocultural  
reality*. Michigan: Ann Arbor.
- Landstad, Magnus. 1853. *Norske Folkeviser*. Kristiania: Tönsberg.
- Mattheier, Klaus J. 2003. "German." I *Germanic Standardizations*, red. Ana  
Deumert & Wim Vandenbussche, 211-244. Amsterdam: Benjamins.
- Milroy, James 1999. "The consequences of standardisation in descriptive  
linguistics." I *Standard English. The widening debate*, red. Tony Bex &  
Richard J. Watts, 16-39. London: Routledge.
- Nevalainen, Terttu 2003. "English." I *Germanic Standardizations*, red. Ana  
Deumert & Wim Vandenbussche, 127-156. Amsterdam: Benjamins.
- Sandøy, Helge. 2000. "Nation und Sprache: das Norwegische." I *Nation und  
Sprache. Die Diskussion ihres Verhältnisses in Geschichte und Gegenwart*, red.  
Andreas Gardt, 865-905. Berlin: de Gruyter.
- . 2004. "Types of society and language change in the Nordic countries." I  
*Language Variation in Europe. Papers from the Second International Conference  
on Language Variation in Europe, ICLaVE 2, Uppsala University, Sweden,  
June 12-14, 2003*, red. Britt-Louise Gunnarsson ofl., 53-76. Uppsala:  
Department of Scaninavian Languages.
- . 2007. "Kvantifisering og typologisering av språkendring og samfunn." I  
*Nya perspektiv inom nordisk språkhistoria. Föredrag hållna vid ett symposium i  
Uppsala 20-22 januari 2006*, red. Lennart Elmevik, 145-160. (Acta  
Academiae regiae Gustavi Adolfphi XCVII.) Uppsala.
- . 2009. "Quantifying linguistic changes. Experiments in Norwegian lan-  
guage history." I *Historical Linguistics 2007. Selected papers from the 18th  
International Conference on Historical Linguistics*, red. Fernande Dupuis,  
285–294. Philadelphia: Benjamins.
- Trudgill, Peter. 1986. *Dialects in Contact*. Oxford: Blackwell.
- . 1997. "Typology and Sociolinguistics: Linguistic Structure, Social  
Structure and Explanatory Comparative Dialectology." I *Folia  
Linguistica. Acta Societatis Linguisticae Europaea XXXI/3–4*: 349–360.
- . 2002. "Linguistic and Social Typology." I *The Handbook of Language*

*Variation and Change*, red. J. K. Chambers et al. Oxford: Blackwell.  
Aasen, Ivar. 1853. *Prøver af Landsmaalet i Norge*. Kristiania: Werner.

Helge Sandøy  
Universitetet i Bergen  
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium  
Boks 7805  
5020 Bergen

helge.sandoy@lle.uib.no